

**Twisteløysingsnemnda
etter arbeidsmiljølova**

Vedtaksdato: 15.02.2010
Ref. nr.: 09/15983
Saksbehandlar: Helene Nødset Lang

VEDTAK NR 08/10 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

**Twisteløysingsnemnda heldt møte fredag 12. februar 2010 i lokala til Arbeidstilsynet,
Torvet 5 i Lillestrøm.**

Ved behandling av saka var twisteløysingsnemnda satt saman slik:

Faste medlemmer

Henning Harborg, leiar
Haakon Skaug, LO
Elisabeth Lea Strøm, NHO

Særskilde oppnemnde medlemmer

Elisabeth Østreng, Utdanningsforbundet
Børge Benum, KS

Saka gjeld

Tvist om førerett for deltidstilsette etter arbeidsmiljølova § 14-3

Arbeidstakar

A

Arbeidsgivar

B kommune

Det vart treffe slikt vedtak:

Saksframstilling

A har vore tilsett i full stilling som lærar ved ungdomssteget i B kommune sidan 1977. Ifølge eit rettsforlik av 22. mars 2000 underviser han i matematikk, samfunnsfag og kroppsøving. For tida arbeider han 60 prosent som bibliotekar og får 40 prosent uførepensjon frå Statens pensjonskasse av di han har fylt 64 år.

21. januar 2008 kravde A å verte informert om ledige undervisningstimar i sine fag. 14. april 2008 hevda A førerett til utvida stilling framfor at arbeidsgivar tilsette nye folk til å undervise i matematikk, samfunnsfag eller kroppsøving. Bakgrunnen for dette var at han meinte å ha ei deltidstillings og difor førerett etter arbeidsmiljølova § 14-3. A purra på svar i brev av 21. juli 2008, 22. april 2009 og 16. juli 2009.

Kommunen svarte 31. juli 2009 at den ikkje kan behandle søknaden til A av di han er uførepensjonert frå 40 prosent av si stilling og difor ikkje er deltidstilsett.

A sendte saka til tvisteløysingsnemnda ved brev datert 27. august 2009. I brevet fremma han og krav om redusert arbeidstid/permisjon med lønn for å få orden i personalmappa si. Etter orientering frå sekretariatet for tvisteløysingsnemnda om at dette ikkje høyrer inn under nemndas område, trakk A denne delen av tvisten.

Nemnda har motteke desse dokumenta frå arbeidstakar:

- brev av 27. august 2009
- brev av 23. september 2009
- brev av 14. desember 2009 med vedlegg
- brev av 4. januar 2010 med vedlegg

Nemnda har motteke desse dokumenta frå arbeidsgivar:

- brev av 25. september 2009 med vedlegg

Utsegn frå arbeidstakar

A før fram at han er deltidstilsett og at han derfor har førerett til ledige stillingar som lærar i matematikk, samfunnsfag og kroppsøving.

Utsegn frå arbeidsgivar

B kommune før fram at A ikkje er deltidstilsett då han er delvis ufør og får uførepensjon frå Statens pensjonskasse.

Twisteløysingsnemndas merknader

Twist mellom arbeidsgivar og arbeidstakar om førerett for deltidstilsette kan bringast inn for twisteløysingsnemnda, jf arbeidsmiljølova § 17-2 første ledd og § 14-3 fjerde ledd. Frist for å bringe saka inn for nemnda er fire veker etter at arbeidsgivar avslo krav frå arbeidstakar, jf forskrift om twisteløsningsnemnd etter arbeidsmiljøloven § 3 tredje ledd.

Søknaden om førerett for A vart avslått av B kommune i brev av 31. juli 2009. A bringa tvisten inn for tvisteløysingsnemnda i brev datert 27. august 2009. Nemnda reknar tvisten som rettidig.

Arbeidsmiljølova § 14-3 første ledd fastset at ”*deltidsansatte har fortrinnsrett til utvidet stilling fremfor at arbeidsgiver foretar ny ansettelse i virksomheten*”. Førerett krev at arbeidstakar er kvalifisert for stillinga og at utøving av retten ikkje fører til vesentlege ulempar for verksemda, jf. § 14-3 andre ledd.

Nemnda har komen til at A ikkje kan reknast som deltidstilsett etter § 14-3 da han har ei stilling på 100 prosent. Utan omsyn til § 14-3 har han krav på full stilling dersom han ikkje lenger er ufør. Nemnda kan difor ikkje sjå at det er noko rom for å gjere førerett gjeldande etter § 14-3. Nemnda gjer merksam på at ho ikkje har heimel til å ta stilling til kva som skal vere innhaldet i stillinga til A.

Konklusjon

A har ikkje førerett til utviding av stilling etter aml § 14-3.

Tvisteløysingsnemnda

Henning Harborg
leiar

Lillestrøm, 15.02.2010

Til orientering:

Twist om førerett for deltidstilsette kan bringast inn for domstolane etter at tvisteløysingsnemndas vedtak føreligg, jf arbeidsmiljøloven § 17-2 andre ledd. Nemndas konklusjon står ved lag mens saka er til behandling ved domstolane. Dersom dette vil virke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

”*Frist for å bringe tvisten inn for domstolene er åtte uker fra det tidspunkt nemndas avgjørelse foreligger*”, jf arbeidsmiljølova § 17-2 tredje ledd.